

Høringsuttale Nasjonal ramme for vindkraft

Om område 57.6 i rammeplanen

Underteikna bur i Nord-Fron kommune som saman med Sel, Vågå og Dovre er berørt av rammeplan med eit «nesten utpeika område» på vestsida av Gudbrandsdalen, som femner om fjellet mellom Vinstradalen og Sjoadalen (Heidalsmuen, Saukampen mm) og eit område mellom Ottadalen og Dovre (Horgen, Jetta). Det er fare for at området seinare kan bli inkludert, da ein må vente at det blir gjort store endringar dersom det skulle bli vedtatt ei nasjonal ramme. Området det er snakk om har uerstattelege naturverdiar i høgtliggende snaufjellområde med ein allsidig bruk til allsidig rekreasjon, friluftsliv, idrett, jakt, beiting av tamrein og husdyr og også kommersiell turisme i tilgrensande område. Det må aldri bli eit vindindustriareal.

Treng Norge ei nasjonal ramme?

Vindkraftutbygging berører sentrale element i norsk naturbruk og naturverdiar på ein så konfliktfylt måte at ein prinsipiell motstand reiser seg.

Måten utbyggingsbølga er skapt og utøvd på og prosedyrane fram til utbygging, skaper reaksjon ved at ein opplever overkjøring av lokale meiningar. Ved udemokratiske prosessar og lite lokal innverknad (byggningslova er sett ut av spel ved energilova; gamle konsesjonar) blir vindkraft møtt med aksjonar mot anleggsarbeid som i sin tur fører til konfliktaukande inngripping av politi.

Norge er ein av verdas mest sjølforsynte land med omsyn til fornybar energi. Årleg blir det eksportert ca 10 TWh med enkelt unntaksår (og hittil i 2019). Under bygging er 10,8 TWh. Gitte, ikkje påbegynte konsesjonar er 12,4 TWh (7,6 TWh er vindkraftprosjekt som bør stoppast), i alt 23,3 TWh. I ein studie frå NTNU frå 2017 er det konkludert med at opprusting og utviding av eksisterande vasskraftverk kan gje 22-30 TWh ny kraft. Sjølv om NVE har ei anna oppfatning av potensialet og kanskje ein annan definisjon av utviding, er gapet mellom NVE sitt anslag og nemnde studie så høgt at ein kan sette spørsmål ved kva som er fakta. Ugunstige skattereglar legg ein dempar på interessa for opprusting av vasskraft. Det er ingen tvil om at potensialet er stort. Det bør realiserast før vindkraft på land.

Planane som sentrale myndigheiter legg opp er auka kapasitet på utanlandforbindelser for å kunne eksportere større mengder elektrisk kraft til kontinentet. Det som er etterspurt er stabil kraft, ikkje ustabil og varierende vindkraft. Forteljinga frå sentrale myndigheiter om Norge som eit «grønt batteri for Europa» er godt kjent i opinionen, men ikkje allment akseptert. Det er eit sentralt punkt i motstanden mot den nedbygging av norsk natur som vi ser nå og dermod eit kjernepunkt i motstanden mot varig naturødelegging. Det er rett og slett ikkje riktig at norsk fornybar energi kan bety eit «grønt skifte» i Europas energiforsyning. Berre Tyskland har vel 29000 vindturbinar, men berre ein ubetydeleg nedgang i utlepp av CO2 dei siste 10 åra. Vel kjent er også at Tysklands elnett er ustabil og dårleg fungerande pga all den ustabile vindkrafta som bli mata inn, eller ikkje kan matast inn pga manglande nettkapasitet. Tyskland si enorme utbygging av vindkraft har ført med seg naturødeleggingar og nå er det innført restriksjonar på utbygging i Bayern. I tillegg er subsidiene felle bort. Da er det feil at norsk natur skal bli offer for tysk politikk med oppkjøp av vindkraftverk. Det er rett og slett eit bedrag at Tyskland får «grøn» kraft gjennom irreversibel nedbygging av natur i Norge. Det er ekstra provoserande for lokalbefolkninga at nær og kjær natur blir ofra til f.e. Stadtwerke Munchen og E.On.

Andre løysingar for fornybar energi

Norge bør prioritere opprusting og effektivisering av eksisterande vasskraftverk framfor vindkraft på land. For å få i gang meir systematisk opprustning må skatteregimet for opprusting og effektivisering forbedrast.

Flytande havvind må utviklast og bli eit bidrag til fornybar energi. Havvind er heller ikkje konfliktfritt, men det er mindre konflikter enn på land. Norge har ein offshore-industri med kompetanse både for norske område og eksport.

På energieffektiviseringsområdet er nnå mykje ugjort. Støtteordningar til f.e.solfangarar og grunnvarme (varmepumper) for private og for offentlege bygg er nødvendige. Der oppnåast energigevinst utan inngrep i natur. Utvikling og bygging av passivhus og plusshus må stimulerast.

Dagens konsesjonspraksis

Konflikter oppstår ved manglande konsensus om mål og verkemiddel. Gamle konsesjonar for vindkraft blir vist til som lovlege vedtak uansett brot på f.e. naturmangfaldslova. Primærstandpunktet mitt er at all vidare vindkraftutbygging i naturområde på land må stoppast, ikkje berre ein midlertidig stans i nye konsesjonar under rammeplanbehandlinga. Klimaeffekten av vindkraftutbygging er i beste fall tvilsam. Vindkraft er ustabil og må ha basiskraft i botn. Det er langt frå installert effekt til ein årsproduksjon tilsvarande den. Batteri som kan lagre energimengder som monner finst ikkje. Alle fakta tilseier at i overskueleg framtid må ein ha stabil basiskraft i form av fossil energi eller atomkraft, dersom den industrialiserte verda skal oppretthalde det høge forbruket sitt. Her er vi ved kjerna i dagens energidebatt, skal den uendelege økonomiske veksten fortsetja? Eg meiner nei, det er fysiske grenser for vekst utan det går ut over kloden.

FN's naturpanel (IPES) kom i vår med ein rapport som viser at tap av naturmangfald er ein like stor trussel som klimaendringar og peiker på arealinngrep som den viktigaste årsak til tap av naturmangfald. NVE sin konsesjonspraksis har vore lite opptatt av klimarekneskap for vindindustrien. Det blir påstått at vindkraft er «miljøvenleg» og utsleppsfri. Men både produksjon av fundament, tårn, nacelle og turbinblad er energikrevjande og har dessutan kort levetid. Anleggsarbeidet med masseflyttingar krev mykje dieselbruk og tilsvarande utslepp. Ca 800 m brei veg pr turbin med slak kurvatur og moderat stigning skaper store sår i naturen. I tillegg oppstillingsplassar som ein halv fotballbane. Etter noen år er ståltårnet modent for demontering pga vibrasjonar/risiko for utmattingsbrot. Turbinblad av komposittmateriale kan ikkje attvinnast, men må truleg gravast ned. I kyst- og skoglandskap blir myrer punkterte og myrmasse grave bort med CO₂- tap til følge, noko som ellers i samfunnet skal forbodast. For vindkraftindustrien gjeld ikkje forbodet. Konsesjonar blir endra undervegs ved at vindturbinane blir større. Det er kritikkverdigg.

Naturmangfald og biologisk mangfald må uansett utbyggingformål bli tillagt større vekt enn i dag. Registrering har dels vore gjort overflatisk og lettvind. Langt meir tid må brukast på å kartlegge naturverdiar og korleis området blir brukt av dyr og fuglar gjennom året. Jfr alle konfliktene med hubro, ørn og rype. For mindre fuglearter er konsekvensane lite kjente. Konsekvensar på fugletrekk av dei svært mange konsesjonar til utbygging langs kysten er lite utgreidd, om i det heile. Eit postivt trekk ved nasjonal ramme er at det blir nødvendig med oppdatering av kunnskapsgrunnlaget for sikring av naturverdiar. Men i det ligg også faren for at utpeika område får ei meir overflatisk behandling ved konsesjonssøknader. Det er nærliggandande at presset for å få utbygd mest mogleg i dei 13 utpeika områdene blir desto større når vi veit kva ambisjonar som Statnett for eksempel, har for mengde av vindkraft som må utbyggast for «fullelektrifisering» av Norge.

Førøvrig eit tal som dei fleste med litt innsikt- og som ikkje er styrt av politiske føringar- ser som overdrivne.

Økonomiske og sosiale følgjer ved vindkraft

Vindkraft har gitt økonomisk avkastning for få. 90 % av norske vindkraftverk er eigd av utanlandske kapitalinteresser eller kraftverk. Store økonomiske utbytte er oppnådd av noen få vindkraftutviklarar som har seld godkjente konsesjonar vidare. Lokalsamfunna som må bere dei fysiske ulempene med nærheit til vindkraftverka får godt som ingenting, bortsett frå grunneigarar som er blitt lurt eller tvinga inn i salg. Kommunar får avbøtande tiltak i form av f.e. varместuer, lysløyper og gapahuker og tilsvarande «glassperler». Vindkraftutbygging er ei form for moderne kolonialisme der fjerne aktørar tar profitten og lokalsamfunnet sit att med alle ulempene.

Det er nærliggande å sjå på det som har skjedd på vindkraftutbygging i dei siste åra som eit kupp. Kuppet blir oppfatta som retta mot lokalsamfunn med lite makt frå ein mektig stat, representert ved regjering og underliggende departement/direktorat i allianse med energibransjen og denne sine lobbyorganisasjonar og diverse «miljø»stiftelser. Tap av tillit om ei nøytral statsforvaltning er resultatet. Krav om statleg overstyring av kommunane forsterkar mistilliten. Forteljinga om at vindkraft i det vesle landet Norge er viktig for å oppfylle diverse globale klimamål er sentral. Men folk let seg ikkje føre bak lyset lenger. Vindkraft kan aldri bli anna eit eit supplement, så lenge det ikkje finst lagringsmåtar for energien. I industrilandet Tyskland for eksempel stod vindkraft (siste år det er statistikk) for 3,2 % av total energibruk og 17-18 % av elforbruket. Det trass i omfattande vindkraftutbygging, som nå blir flytta til norsk grunn.

Folk i lokalsamfunna med vindkraftindustri blir provoserte, sinte og får sorg over tap av natur. Bruk av og tilgang til natur med alt det gir av variert friluftsliv er viktig for folkehelse, trivsel og velferd. Tap av trivsel blir aldri verdsatt, like så lite som tapet av arter i naturen. Kraftbransjen snakker alltid om verdiskaping for deira allierte rundt omkring. Aktørar som kan tjene pengar på anleggsfasen om ikkje anna, snakker også mykje om arbeidplassar og verdiskaping. Politikarar snakker om sikring av velferden, som om det skjer ved stadig høgare energibruk. Norge har nok pengar og nok materiell velstand, moglege manglar kan rettast ved omfordeling i det offentlege sin pengebruk. Naturen og trivselen får dei som blir berørt aldri tilbake. Skyggekast, blinkande lys, ferdseisforbud og sorg over rasert natur blir ikkje oppvege av ei påstått redding av kloden ved vindkraft i naturen.

Oppsummering :

- Nei til meir utbygging av landbasert vindkraft i naturen
- Ja til utvikling og støtte til havvind
- Eksisterande vasskraftverk kan opprustast utan nye reguleringar med effektivisering av vassvegar (tunnelar) og maskininstallasjonar
- Energieffektivisering må få høgare prioritering, det gjeld alt frå solfangarar på bustader til større bygg
- Naturmangfald og verdiar av natur må tillegkast langt større vekt ved framtidige konsesjonsøknader
- Klimarekneskap må utarbeidast ved utgreiing av konsekvensar av vindkraftutbygging
- Allereie gitte vindkraftkonsesjonar må vurderast på nytt naturfagleg og med omsyn til utslepp frå myr
- Langt grundigare kartlegging og registrering av arter over fleire årstider

Med hilsen
Øystein Hagen

sivilingeniør